

## Felles avfallsplan for småbåthammer



Utarbeidd første gong:	Dato: 25.05.2020
Siste revisjon:	Dato:
Godkjent av Fylkesmannen:	Dato: 08.06.2020
Er det gjort endringar sidan førre godkjenning?	[Nei/Ja, evt. kva endringar]
Neste revisjon (skal godkjennast av Fylkesmannen kvart 3. år):	Dato: <b>08.06.2023</b>

## Plan for mottak og handtering av avfall i småbåthamner

Denne planen er forankra i [forureiningsforskrifta kapittel 20](#), som handlar om levering og mottak av avfall og lasterestar frå skip. Alle kommunar har plikt til å utarbeide ein felles kommunal avfallsplan for både private og kommunale hamner som hovudsakleg tek imot hushaldsavfall. Dette er forankra i [forureiningsforskrifta § 20-6](#). Det vil fortsatt vere den enkelte hamneansvarlege som er forplikta til å følgje opp avfallsplanen.

Avfallsplanen er avgrensa til å gjelde småbåthamner som er organisert som småbåtlag og verksemdar med gjesteplassar. Private småbåthamner som berre vert brukt til fritidsføremål og som er knytt til eigar sin kysteigedom, er ikkje med i planen (sjå Miljødirektoratet sin rettleiar M-714/2017 med utdjuing av krav i forureiningsforskrifta kapittel 20).

Småbåthamner som ikkje bidreg med nødvendige opplysningar til kommunen, må utarbeide ein eigen avfallsplan som skal godkjennast av fylkesmannen. Dei er sjølv ansvarlege for å følgje opp planen.

Formålet med avfallsplanen er å verne det ytre miljø ved

- å sikre at hamneansvarlege etablerer og driftar mottaksordningar for avfall frå småbåtar/fritidsbåtar på ein tilfredsstillande måte
- å sørge for at avfall frå småbåtar/fritidsbåtar vert levert til mottaksordning i hamnene

Planen omfattar avfall som har oppstått om bord i båten. Forskrifta sine definisjonar for ord og uttrykk er brukt i denne planen.

Krav til innhald i avfallsplanane er gitt i [forureiningsforskrifta sitt kapittel 20, vedlegg 1](#). Ei kortfatta oversikt over aktuelt regelverk er gitt i punkt 7.

## 1. Oversikt over hamnene avfallsplanen gjeld for

**Tabell 1: Oversikt over småbåthamnene og mottaksordningene for avfall**

Nr	Namn på småbåthamn (Privat/ Kommunal)	Namn på hamneansvarleg	Tal på båtplassar	Gjesteplassar	Mottak av restavfall	Kildesortert avfall <sup>1</sup>	Mottak av farleg avfall	Kommentar	Har hamneansvarleg gitt samtykke til elektronisk godkjenning av planen?
1	<a href="#">Runde Småbåtlag</a>	Børre Eide	11	0	Nei	Nei	Nei	Restavfall vert teke med heim.	E-post: <a href="mailto:eidebk@frisurf.no">eidebk@frisurf.no</a>
2	<a href="#">Runde Bryggjelag</a>	Jetmund Runde	36	0	Nei	Nei	Nei	Restavfall vert teke med heim.	E-post: <a href="mailto:jetmund@aspermorway.com">jetmund@aspermorway.com</a> Mobil: 97992940
3	<a href="#">Runde Gjestebrygge</a> v/ Runde Grendelag (Org.nr. 985465231)	Marie Runde		12 (30 m brygge)	Ja	Nei	Nei	Sjå punkt 2.	E-post: <a href="mailto:lsakgarden@hotmail.com">lsakgarden@hotmail.com</a>
4	<a href="#">Remøy Småbåtlag</a> (Org.nr. 990730482)	Harald L Hansen	52	(1)	Nei	Nei	Nei	Restavfall vert teke med heim.	E-post: <a href="mailto:harald.hansen@tussa.com">harald.hansen@tussa.com</a> Mobil: 91358740
5	<a href="#">Marken Marina</a>	Roger Gjelseth	6	0	Nei	Nei	Nei	Restavfall vert teke med heim.	E-post: <a href="mailto:rogergjelseth@hotmail.com">rogergjelseth@hotmail.com</a> Mobil: 93878643
6	<a href="#">Leinevika Småbåtlag</a> (Org.nr. 996241963)	Ivar Leine	91	0	Nei	Nei	Nei	Restavfall vert teke med heim.	E-post: <a href="mailto:ivlei@online.no">ivlei@online.no</a> Mobil: 90526927
7	<a href="#">Vikane Småbåtlag</a> , Bø/Arhaug (Org.nr. 912878767)	Jonny Leonard Sande	8	0	Nei	Nei	Nei	Restavfall vert teke med heim.	E-post: <a href="mailto:master.sande@yahoo.no">master.sande@yahoo.no</a> Mobil: 41625225
8	<a href="#">Søre Vaulen Småbåtlag</a> , Kvalsund (Org.nr. 994755080)	Aksel Kvalsvik	80	(3)	Nei	Nei	Nei	Restavfall vert teke med heim.	E-post: <a href="mailto:aksel.kvalsvik@tussa.com">aksel.kvalsvik@tussa.com</a> Mobil: 97553520
9	<a href="#">Nerlandsøy Småbåtlag</a> , Kvalsund (Org.nr. 913548124)	Erik Iversen	65	0	Nei	Nei	Nei	Restavfall vert teke med heim.	E-post: <a href="mailto:nerlandsoy.smabatlag@gmail.com">nerlandsoy.smabatlag@gmail.com</a> Mobil: 90838258
10	<a href="#">Kvalsvik Småbåtlag</a>	Paul Monsen	44	0	Nei	Nei	Nei	Restavfall vert teke med heim.	E-post: <a href="mailto:paulmon@tussa.com">paulmon@tussa.com</a> Mobil: 91518507
11	<a href="#">Kvalsvik Gjestebrygge</a> v/ Kvalsvik Grendelag (Org.nr. 985671818)	Kjetil Svein Bjørneset		20 (30 m brygge)	Ja	Nei	Nei	Sjå punkt 2.	E-post: <a href="mailto:kjetilbjorneset@gmail.com">kjetilbjorneset@gmail.com</a> Mobil: 97547404
12	<a href="#">Fosnavåg Gjestebrygge</a>	Per Ove Djupvik		10-30	Ja	Nei	Nei	Sjå punkt 2.	E-post: <a href="mailto:per.ove@tussa.com">per.ove@tussa.com</a>

<sup>1</sup> Glas, metall, plast, matavfall, papir, EE-avfall

	v/ Herøy Kystlag (Org.nr. 988389455)								Mobil: 99730304
13	<a href="#">Toftestøda Småbåtlag</a> (Org.nr. 915525407)	Knut Petter Vike	43	0	Nei	Nei	Nei	Restavfall vert teke med heim.	E-post: <a href="mailto:knut.pvike@gmail.com">knut.pvike@gmail.com</a> Mobil: 97069083
14	<a href="#">Eggesbønes Småbåtlag</a> (Org.nr. 987260750)	Vidar Hungnes	58	0	Ja	Nei	Nei	Sjå punkt 2.	E-post: <a href="mailto:vidar.hungnes@gmail.com">vidar.hungnes@gmail.com</a> Mobil: 90960746
15	<a href="#">Nedre Hjelmeset Småbåtlag</a> (Org.nr. 994337556)	Raymond Igesund	8	0	Nei	Nei	Nei	Restavfall vert teke med heim.	E-post: <a href="mailto:raymond.igesund@hotmail.com">raymond.igesund@hotmail.com</a> Mobil: 91590093
16	<a href="#">Klobben Småbåtlag</a>	Gunn Janne Skinnes Voldsund	11	0	Nei	Nei	Nei	Restavfall vert teke med heim.	E-post: <a href="mailto:gunn-janne@tussa.com">gunn-janne@tussa.com</a> Mobil: 95852489
17	<a href="#">Flusund</a>	Guttorm Berge	5	0	Nei	Nei	Nei	Restavfall vert teke med heim.	E-post: <a href="mailto:gube53@hotmail.com">gube53@hotmail.com</a> Mobil: 97777840
18	<a href="#">Flusund Brygge</a> (Org.nr. 913772490)	Sveinung Storøy	6	0	Nei	Nei	Nei	Restavfall vert teke med heim.	E-post: <a href="mailto:sveinung@sstoroy.no">sveinung@sstoroy.no</a> Mobil: 41300401
19	<a href="#">Jensholmen Nord</a> (Org.nr. 998348447)	Kjell Jan Brudevoll	67	20	Nei	Nei	Nei	Restavfall vert teke med heim. For gjesteplassar , sjå punkt 2.	E-post: <a href="mailto:kjell.jan.brudevoll@tussa.com">kjell.jan.brudevoll@tussa.com</a> Mobil: 97466523
20	<a href="#">Jensholmen Båtlag</a> (Org.nr. 985917329)	Jan-Ove Farstad	130	10	Nei	Nei	Nei	Restavfall vert teke med heim. For gjesteplassar , sjå punkt 2.	E-post: <a href="mailto:jofarstad@hotmail.com">jofarstad@hotmail.com</a> Mobil: 46908109
21	<a href="#">Moltustranda Båtforening</a> (Org.nr. 912084299)	Hjalmar Olav Jacobsen	51	0	Nei	Nei	Nei	Restavfall vert teke med heim.	E-post: <a href="mailto:hjalmar@moltuinvest.no">hjalmar@moltuinvest.no</a> Mobil: 99501980
22	<a href="#">Elvaosen Småbåtlag</a> , Aurvåg (Org.nr. 885349412)	Øystein Nykrem	18	0	Nei	Nei	Nei	Restavfall vert teke med heim.	E-post: <a href="mailto:oysnyk@gmail.com">oysnyk@gmail.com</a> Mobil: 95739690
23	<a href="#">Kalveneset Båtlag</a>	Joakim Endresen	20	0	Nei	Nei	Nei	Restavfall vert teke med heim.	E-post: <a href="mailto:joakimend@hotmail.com">joakimend@hotmail.com</a>
24	<a href="#">Dragsund Småbåtlag</a> (Org.nr. 993740950)	Kristian Ødegaard Skeide	24	(2)	Nei	Nei	Nei	Restavfall vert teke med heim.	E-post: <a href="mailto:skekri@live.no">skekri@live.no</a> Mobil: 92217116
25	<a href="#">Djupvik Brygge</a>	Svein Ove Dybvik	6	0	Nei	Nei	Nei	Restavfall vert teke med heim.	E-post: <a href="mailto:svein.ove.dybvik@gmail.com">svein.ove.dybvik@gmail.com</a> Mobil: 91852569
26	<a href="#">Klubben Småbåtlag</a> , Raudvika	Jarle- Petter Torvholm Jøsok	18	(2)	Nei	Nei	Nei	Restavfall vert teke med heim.	E-post: <a href="mailto:jarjoes@online.no">jarjoes@online.no</a> Mobil: 95160855

27	<a href="#">Feirevikja Småbåtlag</a> , Raudvika (Org.nr. 996153770)	Oddvar Bigseth	20	0	Nei	Nei	Nei	Restavfall vert teke med heim.	E-post: <a href="mailto:oddvar.bigseth@tussa.com">oddvar.bigseth@tussa.com</a> Mobil: 90935728
28	<a href="#">Jøsok Småbåtlag</a>	Svein Ove Jøsok	11	0	Nei	Nei	Nei	Restavfall vert teke med heim.	E-post: <a href="mailto:svein.ove.josok@kleven.no">svein.ove.josok@kleven.no</a> Mobil: 95289475
29	<a href="#">Voldnes Småbåtlag</a> , Jøsok (Org.nr. 994496549)	Bjarne Voldnes	10	0	Nei	Nei	Nei	Restavfall vert teke med heim.	E-post: <a href="mailto:bjarne.voldnes@bvconsult.no">bjarne.voldnes@bvconsult.no</a> Mobil: 90834491

Denne avfallsplanen omfattar **29 småbåthamner** med totalt **899 småbåtplassar** i Herøy kommune, alle private. I tillegg kjem om lag **92 gjesteplassar** fordelt slik: Runde Gjestebrygge v/ Runde Grendelag har om lag 12 gjesteplassar (30 meter brygge), Kvalsvik Gjestebrygge v/ Kvalsvik Grendelag har om lag 20 gjesteplassar (30 meter brygge), Fosnavåg Gjestebrygge v/ Herøy Kystlag har 30 gjesteplassar, Jensholmen Nord har 20 gjesteplassar og Jensholmen Båtlag har 10 gjesteplassar.

Båtplassane i småbåthamnene vert brukt av fastbuande og dei som har fritidsbustader i området. Ein del småbåtar vert brukt heile året, men for dei fleste er sesongen i perioden mars til oktober.

## 2. Mottaksanlegg

Det er registrert 29 private småbåtanlegg i kommunen. Alle desse har stadfesta at dei deltek i avfallsplanen.

Dei fleste småbåthamnene har ikkje gjesteanløp og det vert lite avfall frå båtane. Avfallet er hovudsakleg vanleg hushaldsavfall. Kvar båteigar tek med seg avfallet heim og leverer saman med anna hushaldsavfall som vert henta av Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS. Farleg avfall vert levert ved godkjent mottak/miljøstasjon.

Hamn 3: Ved Runde hamn har kommunen ein 800 liter dunk for restavfall som kan nyttast av gjester ved gjestebrygga. Denne vert tømd kvar veke i turistsesongen, elles kvar 14. dag. Tøming utførast av Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS.

Hamn 11: Ved Kvalsvik Gjestebrygge har Kvalsvik Grendelag ein avfallsdunk med sekk for restavfall, denne vert tømd ved behov. Tøming utførast av grendelaget.

Hamn 12: Gjester ved Fosnavåg Gjestebrygge nyttar ei nedgrave avfallsløysing for restavfall på 5 m<sup>3</sup> som kommunen har ved hamna i Fosnavåg sentrum. Denne vert tømd kvar 14. dag eller ved behov. Tøming utførast av Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS.


Hamn 14: Eggesbønes Småbåtlag har ein 140 liter bossdunk for restavfall plassert i eit verkstadbygg, denne vert tømd ved behov. Tøming utførast av småbåtlaget og avfallet vert levert på godkjent mottak.

Hamn 19 og 20: På Jensholmen har Lanternen AS ein 10 m<sup>3</sup> container til restavfall som kan nyttast av gjester ved småbåtanlegga, denne vert tømd kvar 14. dag mellom



påske- og haustferien, elles ved behov. Det er også utplassert ein container for glas og metallavfall. Tøming utførast av Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS.

### 3. Kart over småbåthamner



### 4. System for melding om utilstrekkeleg mottakstilbod for hamna

Hamneansvarleg for kvar småbåthamn tek i mot melding for si hamn. Sjå avviksskjema i vedlegg 1.

### 5. Involvering av aktuelle partar

Kvar enkelt småbåthamn må tilpasse mottaksordningar for avfall for sine brukarar. Det er naturleg at småbåtlaga har dette med i sine vedtekter/ordensreglar.

Herøy kommune er med i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS som tek imot hushaldsavfall og det er naturleg å samarbeide med dei også for mottak av avfall frå småbåthamner.

Det er tilrettelagt for kontakt med småbåtlaga gjennom e-post og namn på hamneansvarleg.

## 6. Gebyr

Dersom det er mottak av avfall ved hamna, skal normalt kostnadene vere inkludert i årsavgifta/ hamneavgifta. Kostnaden for avfallshandteringa skal opplysast separat i hamneavgifta. Kwart enkelt småbåtlag må organisere dette for sine medlemmar.

## 7. Samandrag av relevant regelverk

### Forureiningsforskrifta kapittel 20

I [kapittel 20](#) er krava til avfallsplanar i hamner fastsett. Dette kapittelet i forureiningslova vart først vedtatt 12. oktober 2003 som ei implementering av EU sitt direktiv om mottaksordningar for avfall og lasterestar frå skip, direktiv 2000/59/EF 27. november 2000, endra ved direktiv 2002/84/EF.

I kapittel 20 går det mellom anna fram at:

- Alle hamner skal ha ein eigen avfallsplan eller vere med i ein avfallsplan som er felles for fleire hamner. Avfallsplanar skal utarbeidast i samråd med aktuelle partar, blant anna brukarane. Planen skal godkjennast av Fylkesmannen minst kvart tredje år.
- Hamneansvarlege må etablere mottaksordningar i samsvar med planen.
- Informasjon om mottaksordningane skal vere tilgjengeleg for brukarane.
- Båtførarar må gjere seg kjent med kva avfallsordningar som er i hamna.
- Dersom båtførarar meiner at hamna ikkje har gode nok mottaksforhold for aktuell avfallstype, kan dette meldast til hamneansvarleg som er pliktig til å følgje opp meldinga.

Sjøfartsdirektoratet og Fylkesmannen er ansvarlege myndigheiter og fører tilsyn med at føresegna i forskrifta blir følgde.

I forskrifta er fleire relevante omgrep definert. Definisjonane er attgjeve her for å sikre at alle aktuelle partar er kjent med desse.

Definisjonar:

1. Avfall frå skip: All form for avfall, medrekna kloakk, og andre restar enn lasterestar som oppstår medan eit skip er i drift, og som blir omfatta av vedlegga I (olje), IV (kloakk), V (søppel) og VI (utslipp til luft) til MARPOL 73/78,<sup>1</sup> og lasterelatert avfall som definert i retningslinjene for gjennomføringa av vedlegg V til MARPOL 73/78
2. Farleg avfall: Avfall definert som farleg avfall i [avfallsforskrifta § 11-2](#)
3. Lasterestar: Restar av lastemateriale i lasterom eller tankar etter at lossing og reingjering er avslutta, gjeld også restmengder og søl ved lasting/lossing.

4. Skip: Alle typar sjøgåande fartøy som opererer i det marine miljø, inklusive hydrofoilbåtar, luftputefartøy, undervassfartøy og flytande innretningar.
5. Fritidsbåt: Alle flytande innretning som er tenkt brukt på og i stand til å bevege seg på vatn, og som blir brukt utanfor næringsverksemd.
6. Hamn: Ein stad eller geografisk område som er utstyrt med innretningar og utstyr som gjer det mogleg å ta imot skip, inkludert fiskefartøy og fritidsfartøy.
7. Norsk hamn: Hamn som er undergitt norsk jurisdiksjon, gjeld også på Svalbard og Jan Mayen.
8. EØS-område: I denne forskrifta skal ei tilvising til EØS-området også gjelde som ei tilvising til Svalbard og Jan Mayen.
9. Hamneansvarleg: Den som driv hamna. Der ingen driv hamna, er eigar av hamna å sjå på som hamneansvarleg.
10. Mottaksordning: Alle innretningar som er eigna til å ta imot avfall eller lasterestar frå skip. Dette inkluderer stasjonære innretningar, så vel som flytande og mobile einingar.
11. Rutegåande skip: Skip som transporterer passasjerar eller last mellom bestemte stadar eller bestemte strekningar, til fastsette tider.

### **Skipsavfallsdirektivet**

[Skipsavfallsdirektivet](#) (Direktiv/2000/59/EF) omhandlar mottaksanlegg for skipsavfall i hamner, medrekna skipet si plikt til å levere avfall og til å gi førehandsvarsel om avfallslevering. Direktivet har som målsetjing å beskytte havmiljøet ved å redusere utslepp av skipsavfall og lasterestar frå skip. Dette skal ein oppnå ved å betre tilgangen til og bruken av avfallsmottak. Direktivet gjeld i utgangspunktet for alle skip, uansett storleik, som bruker hamner innanfor EU-området. Tilsvarande gjeld direktivet for alle hamner som normalt tar i mot skip som blir omfatta av direktivet. Skip er ifølgje direktivet definert som alle sjøgåande/havgåande fartøy, og verkeområdet til direktivet er difor avgrensa til hamner tilknytt saltvatn. Direktivet er implementert i norsk rett gjennom forureiningsforskrifta kapittel 20.

### **Avfallsforskrifta**

[Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall](#) er heimla i forureiningslova og dette medfører at regelverket om farleg avfall også gjeld for skip og hamneansvarlege. Farleg avfall frå skip skal deklarerast i samsvar med krav i [forureiningsforskrifta kapittel 20, vedlegg III](#). Deklareringsplikta gjeld berre for verksemdar. Elles gjeld det ei plikt for alle til å handtere avfall forsvarleg.

### **MARPOL**

[MARPOL 73/78](#) er ein internasjonal konvensjon om hindring av forureining frå skip med seinare endringar som fastset kva former for avfall det er forbode å sleppe ut i havmiljø, og som krev at det finst tilstrekkeleg mottaksanlegg i hamner. Skipsavfallsdirektivet og forureiningsforskrifta kapittel 20 er basert på krava i konvensjonen.

### **Andre lover og reglar for hamner og skip**



Nedanfor er det lista opp nokre lover og forskrifter som også regulerer forhold som gjeld avfallshandtering i hamner og på skip, utan at desse er attgjeve i vedlegg eller blir omtala nærmare:

- [Lov om skipssikkerhet av 16. februar 2007 nr. 9](#)
- [Forskrift om miljømessig sikkerhet for skip og flyttbare innretningar av 30. mai 2012 nr. 488](#)
- [Forureiningsforskrifta, kapittel 23, hindring av forureining ved kloakkutslepp frå skip](#) (kommunar kan vedta egne forskrifter på området)
- [Forureiningsforskrifta, kapittel 21 om forbod mot forbrenning til sjøs](#)
- [Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining av 9. juli 1992 nr.1269](#)
- [Forskrift om farleg last på norske skip av 1. juli 2014 nr. 944](#)

Hamner kan ha egne vedtekter som ikkje er i strid med krav i lov eller forskrift.

## Vedlegg 1

### Melding til hamn om utilstrekkeleg mottaksordning

Utfylt skjema skal sendast til hamneansvarleg.

Sjå punkt 1 i felles avfallsplan for småbåthamner for å finne hamneansvarleg for aktuell hamn, om småbåthamna ikkje er med i planen sendast meldinga til [hamn@heroy.kommune.no](mailto:hamn@heroy.kommune.no)

Hamn (namn på hamn): \_\_\_\_\_

Hamneansvarleg: \_\_\_\_\_

Evt. ansvarleg for avfallshandtering: \_\_\_\_\_

Beskriv problemet/avviket: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

Forslag til forbetring: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

Dato: \_\_\_\_\_ Skjema utfylt av: \_\_\_\_\_

Eg kan kontaktast for fleire opplysningar

Ja takk, eg ønskjer tilbakemelding på innspelet

Via tlf.: \_\_\_\_\_ eller e-post: \_\_\_\_\_